



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 19.03.2024  
Vår ref: 21/04550-5  
Deres ref: 2022/417-7

## Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for næringsområde Sandviklio–Dimmelsvik i Kvinnherad kommune - planID 20200007

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 31. januar 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

### Om saka

Kvinnherad kommune har lagt reguleringsplan for Sandviklio–Dimmelsvik næringsområde ut til høyring og offentleg ettersyn. Hensikta med planen er å leggje til rette for vidareutvikling og utviding av dagens næringsområde i Sandviklio. Primært er det tenkt å kunne ta imot overskotsmassar til førebels lagring, sortering og gjenbruk, men ein legg også til rette for at området kan verte nytta til næring, lager og kontor.

Planforslaget er delvis i tråd med kommuneplanens arealdel.

### Fråsegn frå DMF

Vi synar til vårt fråsegn til oppstart av planarbeidet datert 08. juni 2021. Som vi kommenterte der ligg heile planområdet innanfor gruseressursen Dimmelsvik<sup>1</sup> som er vurdert til å vere av lokal betyding. Vi påpekte at plandokumenta skal innehalde ei omtale av førekomsten og at det bør tas inn føringar om utnytting av ressursen for ikkje å føre med seg nedbygging av et betydeleg volum grus. Dette ser vi er følgt opp i planomtala og i § 3.1.9 i planføresegna, som sikrar at i samband med realisering av planen skal dei registrerte mineralske ressursane vurderast med omsyn til kvalitet og eignaheit for utnytting.

---

<sup>1</sup> Dimmelsvik førekomsten, Grusdatabasen NGU

[https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusOmr.php?objid=106429](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=106429)



Det kjem ikkje fram av planomtala kor mykje massar som skal tas ut i samband med opparbeiding av næringsarealet, eller om det er berekna om det vil blir massebalanse i prosjektet. Ut i frå kart og flyfoto ser vi at deler av planområdet er bratt og det er sannsynleg at det vil bli tatt ut betydelege mengder massar.

#### Dimmelsvik masseuttak

I fråsegnen vårt til varsel om oppstart kommenterte vi at moglege påverknader på og av det nærliggjande Dimmelsvik masseuttak måtte vurderast. Det kjem fram av planomtala at det er vurdert at masseuttaket ligg for langt unna til at det er hensiktsmessig å vurdere denne drifta ut over at førekomsten er sikra i føresegna.

#### Konsekvensutgreiing

I tråd med vårt fråsegn til oppstart er mineralressursar tatt med i konsekvensutgreiinga. Det er utført konsekvensutgreiing for eitt alternativ i tillegg til null-alternativet. Konsekvensen for grusressursen er vurdert til middels negativ på grunn av bandlegging etter at næringsarealet er ferdig opparbeida.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Kristina Elise Krøvel  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Kristina Elise Krøvel

Mottakarar:

Kvinnherad kommune

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Kopi til: